

# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
139/16	Plan- og miljøutvalet	PS	23.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/7124

## **Høyringsuttale - Søknad om auka maksimalt tillaten biomasse i anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet Rekeviki**

### **Vedlegg :**

Oversendingsbrev1340 Rekeviki BF 27102015 MOM-B rapportVedlegg 2 Rapport nr. 511-2010.  
Straummåling Rekeviki Blom Fiskeoppdrett AS 6 januar 2011Vedlegg 3 Rekeviki\_1016-A101 Sjøkart 1-50 000\_rev03Vedlegg 4 Rekeviki\_1016-A102 Kystsoneplankart - 1-80 000\_rev03Vedlegg 5 Rekeviki\_1016-A103 Olex 1-5000\_rev03Vedlegg 6 Rekeviki\_1016-A104 Mærer-Anleggsskisse\_rev03Vedlegg 8 BunntopografiVedlegg 1 internkontrollLangøy og Rekeviki

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Lindås kommune ber om at det vert utført ny straummåling for ny anleggskonfigurasjon og utvida analyse av påverknad frå dagens anlegg før det vert gjeve løyve til utvida maksimalt tillaten biomasse for anlegget i Rekeviki. I tillegg ber Lindås kommune ber om at Hordaland fylkeskommune gjer ei totalvurdering av utslepp frå akvakultur til Fensfjorden i samband med søknad om utviding av maksimal tillaten biomasse på lokaliteten. Vidare meiner kommunen at dagens avsette areal til produksjon ikkje er stort nok til å kunne gje løyve til ei dobling av maksimal biomasse. Kommunen anbefaler difor at utviding av maksimalt tillaten biomasse ved anlegget vert gjort i samanheng med endring av areal i kommuneplan eller regulering av arealet gjennom reguleringsplan.

Det er gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealføremål til dagens plassering akvakulturanlegget.

Det vert elles vist til utgreiingane i saksframlegget.

---

### **Plan- og miljøutvalet - 139/16**

#### **PM - behandling:**

Orientering til saka v/fagleiar plan Christian H. Reinshol

## Rådmannen sitt framlegg med tillegg v/S.Hauge-Ap

Tillegg/Endring siste setning 1.avsnitt:

*"gjennom reguleringsplan eller akvakulturplan for delar eller heile Fensfjorden"*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **PM - vedtak:**

Lindås kommune ber om at det vert utført ny straummåling for ny anleggskonfigurasjon og utvida analyse av påverknad frå dagens anlegg før det vert gjeve løyve til utvida maksimalt tillaten biomasse for anlegget i Rekeviki. I tillegg ber Lindås kommune ber om at Hordaland fylkeskommune gjer ei totalvurdering av utslepp frå akvakultur til Fensfjorden i samband med søknad om utviding av maksimal tillaten biomasse på lokaliteten. Vidare meiner kommunen at dagens avsette areal til produksjon ikkje er stort nok til å kunne gje løyve til ei dobling av maksimal biomasse. Kommunen anbefaler difor at utviding av maksimalt tillaten biomasse ved anlegget vert gjort gjennom reguleringsplan eller akvakulturplan for delar eller heile Fensfjorden.

Det er gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealføremål til dagens plassering akvakulturanlegget.

Det vert elles vist til utgreiingane i saksframlegget.

### **Saksopplysningar:**

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

### **Bakgrunn**

Hordaland fylkeskommune har oversendt søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse (MTB) i eksisterande anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Rekeviki i Lindås kommune. Søknaden gjeld utviding av maksimalt tillaten biomasse frå 1560 tonn til 3120 tonn i eksisterande anlegg.

Blom Fiskeoppdrett AS skriv i søknaden at dei er i moderniseringsfase og satser på produksjon av stor smolt. Dette gjer at fisken veks raskare og dermed står kortare tid i sjøen. Som ein følgje av dette når dei små lokalitetane raskt si lokalitetsavgrensing. Difor søker dei no om utviding av maksimal tillate biomasse med 1560 tonn til ein total MTB på 3120 tonn på

lokalitet Rekeviki. Det vert ikkje søkt om endra arealbruk.

Det er utført MOM B-undersøkingar på lokaliteten som viser at botntilhøva under anlegget er svært gode og lite belasta med tilførsel av organisk materiale, men at det samstundes er mykje hardbotn under anlegget. Det vert vidare anbefalt at det vert gjort ny straummåling og modellering av spreiing av avfall frå anlegget for å få ei grundig vurdering av produksjonskapasiteten til lokaliteten. Det vert også anbefalt å gjere ei MOM-C gransking for å vurdere miljøtilstanden vidare utover i recipienten. I oversendingsbrevet til søknaden er det opplyst om at det er bestilt MOM-C rapport, men kommunen har ikkje motteke denne.

Det er tidlegare gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for plassering av dagens anlegg på lokaliteten. Søknaden om utvida biomasse innehold ikkje auke i areal for anlegget. Det er vidare ikkje knytt særskilte vilkår knytt til biomasse i dispensasjonsløyvet.

## Vurdering

Lindås kommune gjorde 04.06.2015 vedtak om å gje dispensasjon til utviding av areal til akvakultur på lokaliteten Rekeviki. Utvidinga var avgrensa til tre plastringar slik som det er omtala i søknaden for utviding av anlegget. Etter det administrasjonen kan sjå er anlegget etablert i samsvar med dispensasjonsløyvet og konkluderer med at utvidinga er i samsvar med gjeldande arealdisponering i Lindås kommune.

Når det gjeld utvidinga av biomasse, så var det ikkje noko særskilt vilkår i saka knytt til utviding av biomasse ved anlegget. Utviding av biomasse må sjåast i samanheng med dei lokale føresethadane lokalitetene har når det gjeld å ta unna utslepp og avfall frå anlegget, og elles total påverknad for fjordsystemet. Etter det administrasjonen kan sjå, er det dokumentert at det er gode botntilhøve under anlegget. Vidare manglar det ein vidare analyse av miljøtilhøve i ein vidare radius rundt anlegget og det vert påpeikt i MOM-B rapporten at dette var tilrådd å få på plass i høve utviding av anlegget. Det vart også anbefalt å føre ny straummåling då denne er frå 2010. Administrasjonen meiner at desse undersøkingane må gjerast før det vert gjeve løyve til ei dobbling av produksjonen på lokalitetene. Det vart i dispensasjonssaka peika på at lokalitetene ligg godt inne i eit fjordsystem som endar blindt, og mykje av utsleppa frå lokalitetene vil truleg verte trekt innover i fjordsystemet. Det er ikkje greia ut om korleis avfall frå anlegget vil spreie seg innover fjorden.

Vidare vil administrasjonen peike på at akvakulturanlegget ved Ospeneset ikkje klarer å produsere full produksjon med tilsvarande anlegg som det som er etablert i Rekeviki. Ospeneset har løyve til produksjon på 3120 tonn og har betydeleg redusert produksjon (rundt 40 %). Administrasjonen vil difor setje spørsmålsteikn ved at ein ynskjer å doble potensialet for biomasse i Rekeviki om ein ikkje klarer å utnytte fullt potensialet ved lokalitetene på Ospeneset. Hovudgrunnen for reduksjon av produksjon er mangel på areal. I så tilfelle kan ikkje administrasjonen sjå at det er naudsynt med ei auke i maksimalt tillaten biomasse på lokalitetene. Om ei auke skulle krevje eit større areal, meiner administrasjonen at auka må takast i samband med ei endring av kommuneplanen eller som følgje av ein annan anleggskonfigurasjon som kan handtere denne biomassen. På bakgrunn av at ein tidlegare har søkt om endring frå stålanlegg til plast for mellom anna betring av fiskehelse og tryggleiksbehov, kan ikkje administrasjonen sjå at det er tilrådeleg å produsere den omsøkte mengda i tradisjonelle stålanlegg. I så fall kan det etter administrasjonens vurdering sjå ut til at det er behov for eit større areal. Administrasjonen vil i så fall tilrå at ei auke i biomasse vert samkjørt med ei eventuell auke av arealet gjennom kommuneplanen, alternativt gjennom

reguleringsplan. Slik tilhøva ligg til rette no, kan ikkje administrasjonen ut frå vårt kunnskapsgrunnlag sjå at det ligg til rette å kunne gje løyve til den omsøkte auka i maksimal biomasse ved anlegget.

#### Høyringsinnspeil til søknaden:

Det har kome inn ein merknad til søknaden om utviding av biomasse i høyringsperioden, frå Naturvernforbundet i Nordhordland. Dei viser til at det er fleire planar om utviding av biomasse i Fensfjorden for tida, og peiker på utfordringar knytt til lakselus, rømmings- og smittefare og samla belastning av miljøgifter og organisk materiale i Fensfjorden. Det er store samla utslepp til fjordsystemet frå anna ureinande næring i tillegg til akvakulturnæringa, og det har vist seg at det er utfordringar knytt til at området er utsett for ekstremvær med påfølgjande rømmingar. På bakgrunn av den totale miljøbelastninga frå avfallaverksemder og fiskeoppdrett meiner Naturvernforbundet at grensa for fiskeoppdrett i Fensfjorden og Masfjorden er nådd.

Administrasjonen meiner at fylkeskommunen i samråd med fylkesmannen som utsleppsmynde må gjere ei totalvurdering av samla påverknad på fjordsystemet frå ulike næringar og er einig i at ei totalvurdering bør ligge til grunn for utsleppsløyve på lokaliteten. Administrasjonen meiner likevel at dei utarbeidde rapportane syner at lokaliteten truleg har gode tilhøve for fiskeoppdrett isolert sett, men peiker på at det er vist til at det bør gjerast supplerande utgreiningar i tillegg til vedlagte MOM-B rapport.

.....